

Kulturmiljø av regional interesse i Vindafjord

Dette dokumentet er eit uttrekk frå temakart-Rogaland og viser kulturmiljø av regional interesse som er del av Regionalplan for kulturmiljø.

[Sjå oversikten over heile Rogaland i ei interaktiv kartløyising i Temakart-Rogaland.](#)

Oversikta er eit kunnskapsgrunnlag for vidare planlegging og utvikling i kommunane, og skal bidra til føreseielege prosessar gjennom at informasjon om kva som er regionalt viktige kulturmiljø og landskap, blir kjent og tilgjengeleg. [Du finn meir informasjon om oversikten i Regionalplan for kulturmiljø kapittel 7 og 8.](#)

I tillegg til kulturmiljøa i dette dokumentet er kulturmiljø og landskap registrert av Riksantikvaren og ein del av regionalplanen. Desse er i frå Riksantikvarens nasjonale register over kulturmiljø og landskap(NB!-registeret og KULA), Utvalde kulturlandskap i jordbruket(UKL) og freda område og kulturmiljø (Askeladden).

[Les meir om kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse.](#)

[Les meir om Utvalde kulturlandskap i jordbruket hjå statsforvalteren.](#)

Innhald

Kulturmiljø av regional interesse i Vindafjord	1
Hogganvik.....	2
Sandeid sentrum.....	6
Utbjoa	8
Vikevik	10
Stråtveit	15
Haraldseidvågen.....	19
Imslandssjøen.....	23
Vikedalsosen	27
Ølen sentrum	31

Hogganvik

Id	3
Namn	Hogganvik
Kommune	1160 - Vindafjord
Tema	Samferdsel og kommunikasjon, Kystkultur fiskeri handel og sjøfart, Industri og næring
Periode	1800-1899
Kjelde	Fylkesdelplan for friluftsliv, idrett, natur og kulturvern(FINK 2004), Kulturminneplan for Vindafjord(2018)
Vernestatus	Omsynssone (pbl), Kulturminneplan

Skildring

Hogganvik er ein liten stad, midt i Vindafjorden. På andre halvdel av 1800-talet var det to store skipsverft i Hogganvik, som gav arbeid til mange. I 1878 sigla den største seglskuta som nokonsinne hadde vore bygd i Noreg frå det eine verftet på Hogganvik (Særimner). Ved stranda er det restaurerte steinbryggjer frå 1800-talet og eit naust frå 1700-talet. Frå gardsanlegget på Hogganvik og ned til sjøen er det ein 250 år gamal bøkeallé, og mot fylkesveg 46 ei bøkeskogli.

Omfang

Kulturmiljøet omfattar garden på Hogganvik og kulturmiljøet ved stranda. Området har same omfang som området som er markert i kulturminneplan for Vindafjord (2018).

Regional interesse

Hogganvik har høg verd som ein representant for skipsbyggingsindustrien i Rogaland på 1800-talet. Den bevarte bøkeallén og bøkeskogen innafor området har høg kulturhistorisk verd.

Sårbarheit og forvaltning


Deler av området er regulert til bevaring i reguleringsplan (1988).

Hovudbilde



Kaianlegget i Hogganvik.

Vedlegg til regionalplan for kulturmiljø
Sist endra 19.05.2023
Kartutsnitt



Kartutsnitt per 23.09.2022

Vedlegg til regionalplan for kulturmiljø
Sist endra 19.05.2023

Bildevedlegg



Flott allè i Hogganvik

Sandeid sentrum

id	4
Namn	Sandeid sentrum
Kommune	1160 - Vindafjord
Tema	Kystkultur, fiskeri, handel og sjøfart, Busetting by- og tettstadutvikling.
Periode	1800-1999
Kjelde	Fylkesdelplan for friluftsliv, idrett, natur og kulturvern (FINK(2004)), Kulturminneplan (2018)
Vernestatus	Omsynssone (pbl), Kulturminneplan

Skildring

Sandeid er namnet på eidet mellom Sandeidfjorden og Ølsfjorden i Sunnhordaland. Det er berre 50 meter høgt og har vore nytta til å frakta skip og varer langs kysten. Sandeid sentrum, eller Sandeidsjøen, ligg inst i Sandeidfjorden og var tidlegare kommunesenteret i Vindafjord kommune. Staden har ein lang historie og det står skrive om ein prest i Sandeid så tidleg som i 1311.

I Sandeid sentrum er det eit godt bevart bygningsmiljø med bygningar frå 1800-talet og tidleg på 1900talet. Med den strategiske plasseringa var Sandeid ein viktig stoppestad på den Stavangerske postveg mellom Stavanger og Bergen. Frå Sandeid gjekk vegen vidare nordover til Ølen, ein veg som vart bygd på fyrste halvdel av 1800-talet. Sandeid fekk båtstopp då dampskipet "Ryfylke" byrja rutetrafikk i 1855. I Sandeid var der fleire gjestgjevarstader, butikkar, post, telefon og bank.

Omfang

Kulturmiljøet omfattar den eldre busetnaden i Sandeid sentrum. Området har i hovudsak det same omfanget som området som er regulert til bevaring i reguleringsplanen (1998).

Regional interesse


Kulturmiljøet i Sandeid har stor kulturhistorisk verdi som eit eksempel på ein tettstad som voks fram på 1800-talet. Sandeid har med plasseringa si inst i fjorden, vore viktig som knutepunkt for trafikk, både med omsyn til varer og menneske.

Sårbarheit og forvaltning

Området er regulert til forretning, bustad og vern i reguleringsplan for Sandeid sentrum.(1998)

Vedlegg til regionalplan for kulturmiljø
Sist endra 19.05.2023

Kartutsnitt



Kartutsnitt per 23.09.2022

Utbjoa

Id	5
Namn	Utbjoa
Kommune	1160 - Vindafjord
Tema	Kystkultur, fiskeri, handel og sjøfart, Tradisjon og religion, Administrasjon, fellesskap, makt og demokrati
Periode	Før- og etterreformatorisk tid
Kjelde	Kulturminneplan for Vindafjord (2018), FINK(2004), Askeladden
Vernestatus	Kulturminneplan, Omsynssone (pbl), Kulturminneloven

Skildring

På Utbjoa, i eit område noko nordvest for ferjekaien, vidare nordvest mot Neset og mot nord til Donsvikneset, er det eit rikt kulturmiljø med stor tidsdjupne. I området er det fire helleristningsfelt, to felt med skålgroper, fire førhistoriske båtopptrekk og fem gravrøyser. I Bjoavågen, like nord for ferjekaien, ligg det ei gamal sjøbu og fleire naust frå 1800-talet. Dei førhistoriske båtopptrekka ligg like bak nausta, medan gravrøysene ligg lenger nord og nordvest på halvøya, strategisk plasserte på synlege stader i landskapet. Området er tilrettelagt som "kultursti" med stiar og informasjonsskilt.

Omfang

Miljøet omfattar dei gamle naustmiljøa i Bjoavågen, samt helleristningsfelt, gravrøyser og andre fornminne. Kulturmiljøet tar inn i seg fleire mindre omsynssonar - kulturmiljø i Vindafjord kommune si kommuneplan.

Regional interesse

Dei godt bevarte nausta og eldre strukturar heilt tilbake til bronsealderen, gir staden stor tidsdjupne og historisk verdi. Den tette samanhengen mellom godt bevarte naust, førhistoriske båtopptrekk, helleristningar og gravminne gir området særleg høg verdi for oppleving og formidling.


Sårbarheit og forvaltning

Delar av området er regulert til bevaring.



Naustmiljøet i Bjoavågen er godt bevart og har stor tidsdybde.

Kartutsnitt



Vikevik

Id	6
Namn	Vikevik
Kommune	1160 - Vindafjord
Tema	Tradisjon og religion, Kystkultur, fiskeri, handel og sjøfart, Samferdsel og kommunikasjon
Periode	Før- og etterreformatorisk tid
Kjelde	Askeladden, Kulturminneplan for Vindafjord(2018), FINK(2004)
Vernestatus	Kulturminneloven, Omsynssone (pbl), Kulturminneplan

Skildring

Kulturmiljøet Vikevik består av tre område som kvar fortel ein del av Vikeviks historie; ein eldre handelsstad, kyrkjestad frå mellomalderen og eit gammalt gardstun. I Vikevik var det ein handelsstad som fekk handelsprivilegium på 1700-talet og som tidlegare var sentrum i Vikebygd kommune (1902-1964). Tidlegare var det ein landhandel og bøkkerverkstad her i tillegg til Plassabakeriet, som framleis står. Bakeriet vart bygd i 1842 og var i drift fram til 1942 då mjølprisane hadde blitt for dyre på grunn av krigen. Både innbyggjarane i Vikebygd og fiskarar som skulle ut på brislingfiske handla på bakeriet. I 1993 blei Plassabakeriet gjenopna på den Europeiske Kulturminnedagen og bakinga blei framleis gjort på gamlemåten med steinomn og dampheving.

Kyrkjestaden ved Vikevik består av tre kyrkjegardar og ei ståande kyrkje. Den eldste kyrkjegarden er frå mellomalderen, og det har truleg stått ei stavkyrkje frå omtrent 1350 der. I 1682 blei stavkyrkja erstatta av ei tømmerkyrkje på den same staden. Den andre kyrkjegarden ligg nærare kaien og vert kalla «Parken», og det er berre to personar som er gravlagde der. Tømmerkyrkja vart riven i 1873 etter at ei kyrkje ble oppført nærare fjorden i «Parken» i 1872. Denne nye kyrkja brann ned i 1926 og vart erstatta av ei ny kyrkje som sto ferdig i 1928. Også denne brann ned. Den noverande kyrkja vart reist i 1937 lenger øst, på den andre sida av vegen for mellomalderkyrkjegarden. Den siste kyrkjegarden ligg rundt den noverande kyrkja. Gamlatunet er eit eldre gardstun som ligg litt ovanfor og aust for kyrkjestaden og båthamna. På Gamlatunet står det eit våningshus frå 1840 som vart renovert i 2003 og eit eldhus frå 1700-talet. Gardsbygningane vert idag brukte som bibliotek, kafe og til utleige.

Omfang

Kulturmiljøet omfattar tre stader; handelsstaden ved Vika, kyrkjestadane og Gamlatunet.

Regional interesse

Kyrkjestadane representerer særleg tidsdjupne og er ein betydeleg del av regional religionshistorie. Den noverande kyrkja er listeført og har arkitektonisk verdi. Plassabakeriet har ein regional handelsog industrihistorisk verdi, særleg i samanheng

Vedlegg til regionalplan for kulturmiljø

Sist endra 19.05.2023

med handelsstaden det var ein del av. Gamlatunet er eit gammalt og velbevart gardstun og er ein god representant for den regionale landsbrukshistoria.

Kulturmiljøet er også aktivt i bruk idag og har ei viktig rolle i både det lokale kulturlivet og for besøkande, og har høg bruksverdi som formidlar av eldre handverk.


Hovudbilde



Vikebygd kyrkje

Vedlegg til regionalplan for kulturmiljø
Sist endra 19.05.2023

Kartutsnitt



Avgrensning pr. 29.09.2022



Kyrkje og kyrkjegard





Stråtveit

id	82
Namn	Stråtveit
Kommune	1160 - Vindafjord
Tema	Landbruk og kulturlandskap
Periode	1800-1999
Kjelde	Kulturminneplan, SEFRAK-registeret
Vernestatus	Kulturminneplan, Naturmangfaldloven

Skildring

Kulturlandskapet er prega av 1800-talet sin bruk av landskapet. Garden ligg i ei bratt, sørvendt helling. Det er 13 SEFRAK-bygningar på garden. Våningshuset på Stråtveit er bygd i 1871, men det har stått hus på staden sidan slutten av 1500-talet.

Våningshus og fleire av bygningane er restaurerte og i god stand. Dette omfattar ei smie, stabbur, to løer, eldhus, vedhus, treskeløe, kvernhus, sag, naust, sjøhus og ein jordkjellar.

Kårhus som er bygd mellom våningshus og sjø, er ruiner med store og tydelege steinfundament. Omfang

Kulturmiljøet omfattar i hovedsak innmarka og den nærmeste utmarka med utløer på garden.

Regional interesse

Stråtveit er eit godt døme på kulturmiljø som syner 1800-talet si gardsdrift med hovudhus og diverse uthus rundt tunet. I tillegg kjem løene som er spreidde rundt i landskapet, og naust og sjøhus som syner sjøen, som ein viktig ressurs/ferdselsåre. Både bygningane og landskapet framstår som autentiske med høg verd.

Sårbarheit og forvaltning


Innmarka har vore brukt til plantefelt, men det ligg no føre planar om å ta ut barskogen då deler av garden nå er lagt inn i eit naturreservat for edellauvskog. Fleire av utmarksbygga treng vedlikehald.

Hovudbilde



Gardshus på Stråtveit

Kartutsnitt




Kartutsnitt per 23.09.2022



Et parti frå Stråtveit



Ruiner etter eldre bygg på



Detalj frå intern veg

Haraldseidvågen

id	84
Namn	Haraldseidvågen
Kommune	1160 - Vindafjord
Tema	Kystkultur, fiskeri, handel og sjøfart, Industri og næring, Samferdsel og kommunikasjon
Periode	1800-1999
Kjelde	Kulturminneplan for Vindafjord (2018), SEFRAK, Notat RFK/MUST
Vernestatus	Kulturminneplan, Omsynssone (pbl)

Skildring

Gards- og bruksnummer 164/3 i Vindafjord kommune er ein eigedom ved Haraldseidvågen i Skjold. På eigedomen står det totalt 11 bygningar som viser til gardsdrift, fiske og hermetikkindustri. Dei eldste bygningane på garden er oppførte på midten av 1800-talet.

I 1907 vart det oppført ein hermetikkfabrikk på eigedomen. Fabrikken vart bygd for fabrikkengar Emil Knutsen og på store delar av 1900-talet heldt bedrifta Knutsen Preservering A/S til her. Knutsen Preservering A/S var ein stor arbeidsplass i Skjold på midten av 1900-talet, med nærare 100 tilsette. Det var det gode brislingfisket i fjordane som danna grunnlaget for fabrikkens. Ved fabrikkens ligg det òg ein stor kai som var endestasjon for båtruta til Bergen.

Det er bevart mange ulike bygg, fabrikkbygg, sjøhus, lager og bustadhus. Bygg og miljø er godt bevart, med høg grad av autentisitet.

Omfang

Miljøet omfattar bygningsmiljøet rundt den gamle hermetikkfabrikken i Haraldseidvågen.

Regional interesse

Kulturmiljøet i Haraldseidvågen er svært godt bevart, og har regional verdi knytta til kystkultur, industri og samferdslehistorie.

Sårbarheit og forvaltning


Kulturmiljøet i Haraldseidvågen har i fleire år vore prega av lite bruk, forfall og manglande vedlikehald. Eigedomen er nyleg selt og dagens eigar ynskjer å setja bygningane i stand. Det vil vere avgjerande at bygningsmassen og kaien får ein ny bruk og jamleg vert vedlikehaldne. Området er prioritert for bevaring i kulturminneplanen for Vindafjord.



Gaffelbitfabrikk i Haraldseidvågen.

Vedlegg til regionalplan for kulturmiljø
Sist endra 19.05.2023

Kartutsnitt



Kartutsnitt per 23.09.2022



Rogaland fylkeskommune, 28.04.2021 11:47

Imslandssjøen

id	124
Namn	Imslandssjøen
Kommune	1160 - Vindafjord
Tema	Kystkultur, fiskeri, handel og sjøfart, Administrasjon, fellesskap makt og demokrati, Samferdsel og kommunikasjon
Periode	1875-1899
Kjelde	Kulturminneplan for Vindafjord kommune
Vernestatus	Kulturminneplan, hensynssone (pbl)

Skildring

Imslandsjøen er ein tettstad som ligg på nordsida av den austre armen av Vindafjorden. Storheitstida var mellom 1870 og 1890 i den såkalla "varvartida", då det vaks fram ein industri knytt til bygging av seilskuter. På Imsland var det fleire verv som konstruerte seglskip opptil storleiken skonnert og skonnertbrigg. På slutten av 1800-talet tok dampskipa meir og meir over og seilskuteindustrien døydde ut.

Aust i området har ein eit godt bevart bygningsmiljø frå 1800-talet. Fleire av våningshusa og nausta har høy grad av autentisitet og er registrert i SEFRAK-registeret. Midt i område ligg Imsland kirke, som er ei langkirke som vert oppført i 1861. Kirka er oppført etter teikningar av arkitekt Hans Ditlev Franciscus von Linstow.

Omfang

Området omfattar ein gamal handelsstad, verft og kyrkje på Imslandssjøen.

Regional interesse


Imslandsjøen er ein godt bevart tettstad med stor verdi. Fleire av bygningane har høg grad av autentisitet utvendig. Staden står fram som eit godt døme på den urbaniseringa og industrialiseringa som skjedde i Noreg på 1800-talet. Området er regulert til bevaring i reguleringsplan frå 2007.

Vedlegg til regionalplan for kulturmiljø
Sist endra 19.05.2023
Hovudbilde



Bustader i Imslandssjøen

Kartutsnitt



Kartutsnitt per 23.09.2022

Vedlegg til regionalplan for kulturmiljø
Sist endra 19.05.2023

Bildevedlegg



Imsland i retning kyrkja.



Parti fra Imsland.



Parti frå Imsland

Vikedalsosen

id	125
Namn	Vikedalsosen
Kommune	1160 - Vindafjord
Tema sjøfart	Busetting by- og tettstadutvikling, Kystkultur fiskeri handel og
Periode	1800-1999
Kjelde	Kulturminneplan
Vernestatus	Omsynssone (pbl), Kulturminneloven

Skildring

Vikedalsosen har ei strategisk plassering ved inngangen til Sandeidfjorden og utløpet til Vikedalselva.

Bygningsmiljøet i Vikedalsosen voks fram på 1800-talet og Vikedalsosen var anløp for dampskipstrafikken, allereie frå starten i 1855. Ein hadde fleire bakeri, krambuer, post og bank. Bygda hadde også sorenskrivar, prest og lensmann. Det var òg fleire strandsitjarar i Vikedalsosen - jordlause husmenn som livnærte seg av fiske og anna dagsarbeid.

Vikedalsosen har eit godt bevart kulturmiljø med fleire bygningar frå 1800-talet.

Omfang

Kulturmiljøet omfattar den eldre busetnaden i Vikedalsosen. Området har i hovudsak same omfang som området som er regulert til bevaring i kulturminneplanen.

Regional interesse

Vikedalsosen har høg kulturhistorisk verdi som eit eksempel på ei bygd som voks fram på 1800-talet. Bygda er nært knytta til framveksten av dampskipstrafikken på 1800-talet. Fleire av bygningane i kulturmiljøet framstår som autentiske og har høg arkitektonisk verdi.

Sårbarheit og forvaltning

For å bevare kulturmiljøet i Vikedalsosen må bygningane takast vare på. Vedlikehald og reparasjonar må skje etter antikvariske prinsipp.


Eventuelle nye bygningar og tiltak må tilpassast dei eksisterande bygningane.

Området er regulert til bevaring i reguleringsplan frå 2003.



Vikedalsosen

Vedlegg til regionalplan for kulturmiljø
Sist endra 19.05.2023
Kartutsnitt



Kartutsnitt per 23.09.2022

Vedlegg til regionalplan for kulturmiljø
Sist endra 19.05.2023
Bildevedlegg



Parti fra Vikedalsosen

Ølen sentrum

id	126
Namn	Ølen sentrum
Kommune	1160 - Vindafjord
Tema	Busetting by- og tettstadutvikling, Samferdsel og kommunikasjon, Administrasjon, fellesskap, makt og demokrati, Kystkultur, fiskeri, handel og sjøfart
Periode	1800-1999
Kjelde	Kulturminneplan for Vindafjord (2018)
Vernestatus	Kulturminneplan, Omsynssone (pbl)

Skildring

Ølen, eller Ølensjøen, er den styrste tettstaden og kommunesenteret i Vindafjord kommune. Det historiske sentrum av Ølen voks fram på 1800-talet og i 1900 var det eit breitt spekter av bedrifter, handverkarar og handelsmenn med tilhald i tettstaden. Ølen hadde fleire hotell, bakarar, bøkkarar, murarar, skomakar og eigen urmakar. Ølen var også ein viktig stoppestad på den Stavangerske postveg mellom Stavanger og Bergen. Postvegen vart vedteken gjennom kongeleg resolusjon i 1785, og Ølen hadde eige postopneri.

I Ølen er deler av det historiske sentrum bevart. Området kring Sjoargata har spesielt høg verdi.

Omfang

Området omfattar det historiske sentrum av Ølen og er avgrensa av sjøen i nord, Eidselva i aust, E134 i sør og nyare bygningar i vest. Omfang tilsvarar markering i kulturminneplan for Vindafjord.

Regional interesse

Ølen har kulturhistorisk verdi som eit eksempel på ein tettstad som voks fram på 1800-talet.

Tettstaden ligg strategisk plassert og var ein stoppestad på postvegen mellom Stavanger og Bergen. Bygningane i Sjoargata er godt bevarte og har høg kulturhistorisk og arkitektonisk verd.

Sårbarheit og forvaltning

Delar av område er regulert til bevaring i reguleringsplanen for Ølen sentrum (2000).

Hovudbilde



Frå Ølen sentrum

Kartutsnitt



Kartutsnitt per 23.09.2022